



Glade barnehage barn, nyter yoghurten frå Spar [Foto: Ann Irene Sæle]

**Måndag svinga Spar sin bil inn på tunet framfor Uskedalen barnehage, og ut kom ei smilande og blid Gunn Mari og spør om barnehagen har lyst på yoghurt? Sjølv sagt hadde barnehagen lyst på yoghurt og takka overvelda ja til denne hyggelige gesten. 60 yoghurtar vart levert inn i barnehagen til strålende nøgde barn og vaksne.**

Ei tid etter den hyggelege overraskinga, for ein gut med uopna yoghurt beger i handa. Han vart spurt om han hadde fått yoghurt? Han smiler frå øyre til øyre og svarar ja.

På spørsmål om kven han har fått den av, svarar guten, eg har fått den av barnehagen, og dei fekk den til oss frå den snille butikken. Der plar vi å handle, men vi får ikkje alltid gratis yoghurt altså...

På spørsmål om han ikkje skulle eta yoghurten, smiler han lurt og seier: Jo då, men eg skal fyrst visa den til mamma.

Barnehageleiinga tykkjer dette var ei positiv og hyggelig overrasking i barnehage kvardagen, som fortener dagens ros. Med barnet si stemma gav guten vår lokale Sparbutikk eit kvalitetsstempel i kvardagen.

**Takk til Spar.**

Tekst: Ann Irene Sæle, Styrar Uskedalen barnehage  
Nett: H.O.Østebø